

Sverre Bjåstad

UTFLYTTARBOKA 2007

for

HAREID OG ULSTEIN

med

REGISTER

til

BYGDEBØKENE

for

Ulstein og Hareid

Med **Personboka 2000** utvikla vi eit nytt konsept for bygdebøker. Ein kan kalle ho ein "kjapp-versjon". Kvar person er representert med ei linje. Namna står alfabetisk og boka er og register til eksisterande bygdebøker. Personboka vart utvikla og gitt ut i samråd med bygdeboknemndene i kommunene Hareid og Ulstein.

Utflyttarboka 2007 tek berre med dei som har flytta frå øya og familien deira. Familien står gruppevis under namnet på utflyttaren. Boka er såleis ikkje ei oppdatering av Personboka 2000.

Boka kan og bestillast frå forfattaren:

Postadresse: Geilehøgda 11, 6060 Hareid
Epost: sverre.bjastad@tussa.com
Heimeside: <http://home.tussa.com/sverre.bjastad/>
Telefon: 70 09 25 81 / 918 64 037

Viketrykk A/S, september 2007

ISBN 978-82-996070-1-8



9 788299 607018

INNHALD

Forord	5
Oppbygging av boka. Rettleiing	9
Kart med gardsnamn over Hareid og Ulstein	12
Hovudtabell	15
Rettingar i Personboka 2000	394
Tidlegare etternamn kopla mot nytt etternamn	397
Namn på dei som er med på bilda.....	408
Antal flytta til ulike land/ kommunar.....	412
Utvandring til USA.....	414
Tre viktige hendingar på Hareidlandet i 2007.....	417
Bilde og omtale av 365 utflyttarar frå 70 kommunar/tettstader.....	425
Totalregister, Alle namn kopla mot ein eller fleire utflytta	495
Forfattaren	603

FORORD

A. Historikk

Bygdebøkene for Hareid og Ulstein. Dei to kommunene har sams bygdebøker.

Bøkene Gardar og folk kom ut

i 1982 for Ulstein	- band III	Gnr. 1-10
	- band IV	Gnr. 11-39
i 1985 for Hareid	- band V	Gnr. 40-51
	- band VI	Gnr. 52-85

Fakta om personane vart avslutta i 1974. Dei som var fødde etter 1974 er såleis ikkje med. Berre dei som hørde til eit bruk, eller var direkte etterkomarar, var med i bøkene.

Registerboka. Det viste seg å vere vanskeleg å finne fram i bygdebøkene sidan dei ikkje hadde eit *register*. Eg såg snart at her måtte ein nytte seg av den nye dataalderen som var i kjømda. I 1987 var Registerboka ferdig. Ho inneheldt personane i bygdebøkene som var fødd etter 1850. Det utgjorde 15 000 namn.

I tillegg til boknummer og sidetal, inneheldt registerboka *fødselsår og samanknyting til førre generasjon*. For mitt vedkomande stod det: *Bjåstad, Sverre Haraldson*. Dette gjorde også boka sjølvstendig. Ho var rask å bruke og vart populær etter kvart som ho vart kjend. Boka vart utseld i 1998.

Personboka 2000 (PB2000). Denne var ferdig i 2001 og vart ei svært populær bok.

I 1996 såg eg at Registerboka kom til å bli utseld i løpet av eit par år og eg starta planlegginga av ei ny bok. Ideen var at ein skulle satse på opplysning om dei som bur på øya i dag, heller enn dei som levde for lenge sidan. Følgjande hovudregel kom etter kvart fram:

1. Lik Registerboka: Berre **ei** linje for kvar person. Ta med berre dagens situasjon.
2. Ha med
 - alle som bur på øya i år 2000 pluss borna deira uansett kvar borna bur.
 - alle som står i bygdebøkene og er fødd 1900 eller seinare, uansett kvar dei bur.
3. Ved å gjere boka litt djupare enn Registerboka, men ha same høgd, kunne ein i tillegg til namn få med fødselsdato, dødsår, sidetilvising til bygdebøkene, kvar ein bur på øya og kven ein er gift/sambuar med. Det er ei god opplysning å ha med kvar ein innflyttar kjem frå. Ein burde også ha med kvar folk har flytta til. Dette vart løyst med å setje → for dei som har flytta frå kommunene og ← for dei som har flytta til.

B. UTFLYTTARBOKA 2007 (UB2007)

Kvifor denne boka? Under arbeidet med PB2000 var det mange utflytta som ville ha med familien sin. Dei følte framleis nær tilknyting til øya. Det vart uråd pga plassmangel.

Sidan eg allereie hadde namna på dei utflytta, vart eg freista til å lage ei "personbok" som berre tek for seg dei utflytta. Dette arbeidet starta hausten 2004. Først vart ho kalla PB2007. Men mange oppfatta det som ei oppdatering av Personbok, så eg endra namnet

til Utflyttarboka 2007. Med ei slik bok føler eg at verket for ei moderne bygdebok er komplett. Då eg kontakta kultursjefen i Hareid kommune og presenterte planen, fekk eg full støtte.

Oppbygging av boka. Namna på dei utflytta er ordna alfabetisk i *ein hovudtabell* med familien under kvart namn. For at ein lettare skal finne alle, er det laga eit *totalregister* bak i boka med tilvising til den utflytta. Sjå elles avsnittet lenger bak om Oppbygging og rettleiing.

Sum namn i boka er 23 500 fordelt på

5 000 utflytta

14 500 ektemakar/sambuarar/born og

4 000 gift/ sambuarar med born.

Alle namn og datoar er innskrivne. Ikkje noko er importert direkte frå andre databasar.

Har vi med alle? Av dei 5000 personane vi har kontakta, er det 6 personar som av ulike årsaker ikkje vil ha med data om familien. Dette er imøtekome. Desse er merka (io) som står for ikkje oppdatert. Men vi har med namna slik at ein ikkje skal tru dei er utegløynde. I tillegg har ein person sagt at han ikkje ville ha med namnet sitt. Det er nokre namn vi ikkje har greidd å oppdatere då ingen har kunna gitt oss noko opplysning. Spesielt gjeld det utflytta til USA og Canada. Desse kan og vere merka med (io) bak namnet. Dersom det står ?? i feltet for dødsår, tyder det at vi veit at dei er døde, men kjenner ikkje årstalet.

Innhenting av data. Bakgrunn for data har vore dei 4500 personane i PB2000 som var merka med →, dvs flytta ut frå øya. Men det var naudsynt med ei oppdatering og meir familiedata. Det vart i grove trekk gjort slik:

1. Utsending av 4 500 skjema. Ein bad kvar om å fylle ut data om familien. Ein kunne svare med utfylt skjema i posten eller fylle ut på på skjerm direkte via internett. Samla var det 50% som svara.
2. Purreuskjema og telefonkontakt til alle som ikkje hadde svara. Også for desse var interessa stor for ei slik bok. Det ga mot til å halde fram.
3. Etter at alle data var registrert, kunne vi hausten 2006 starte utsending av data for korrekturlesing. 5000 brev vart sendt ut. Svar kunne meldast ved post, epost eller SMS. Om lag 40% svara. Der det mangla noko, vart det brukt telefon.

Som ein har erfaring med frå før, er det stor tregheit for å svare sjølv om viljen er der. Og mange beklaga sterkt med ulike grunnar at dei ikkje hadde svara. Men dei ville gjerne at ei slik bok skulle lagast.

Kopling mot foreldre. I bygdebøker har det alltid vore tradisjon å kople born mot farsnamnet. Så er det også med våre bygdebøker. Det vart gjort i Personboka 2000. Sidan vi tok utgangspunkt i 4500 namn frå PB2000, la vi også opp til det i denne boka. Men i mars 2007 kom eit lesarinnlegg i Vikebladet der vedkomande syntest det var gamaldags at personane berre var knytt mot far og ikkje mot mor. Dette valde vi å gjere

noko med. For borna kom dette automatisk sidan familiane no står gruppevis. Sjølv om vi allereie hadde fått tilbake korrekturleste skjema, vart alle utflytta supplert med mora sitt namn. Dette er ei klar forbetring av ”bygdeboka”. Ektemakar/sambuarar rakk vi ikkje kople mot anna enn faren som det var gjort i utgangspunktet.

Eiksund. Eiksund vart i 1964 flytt over frå Herøy til Ulstein. Gardane med bruk finn ein i Herøyboka III. Dei er ikkje med i bygdebøkene for U/H. UB2007 har med alle som er utflytta frå Eiksund utan sidetilvising for Herøyboka.

Bilde. For å mjuke opp boka har eg teke med bilde av nokre utflytta som kan gjere boka meir interessant å lese i. Ved høve har eg vitja 70 kommunar/ tettstader og samla nokre som har flytta dit. Under eit felles bilde har eg skrive nokre linjer om kvar. Dette har vore eit tidkrevjande og dyrt arbeid. Men eg vonar det er verdt strevet. Sjølv synest eg det har vore svært interessant å treffe og snakke med 365 av dei 5000 utflytta og skreve litt om dei.

Takk Det er all grunn til å takke alle som har vore med å få til denne boka. Det gjeld kvar som har leita fram familiedata som eg har bede om. Og det gjeld dei som har oppmuntra meg og trudd på prosjektet i dette ”maratonarbeidet” som samstundes krev mykje pirk. Nokre namn må nemnast. Det gjeld først eiga familie. Kona mi **Inger** og borna **Håvard, Bjørnar og Ingunn**. Arbeidet har gått mykje utover fritida i desse tre åra. Ei spesiell takk til søstera mi **Åse Gjerde** som har vore svært interessert og hjelpsam i arbeidet. Spesielt den første tida for oppleiting av dei som har flytta frå Ulstein kommune.

Takk til Sparebanken Møre, avd. Hareid og avd. Ulstein som kvar ha gitt ein stønad på kr kr 20 000 til prosjektet.

Hareid september 2007

Sverre Bjåstad